



**NYE ØYGARDEN
KOMMUNE**

Fjell kommune

Dato: 15.11.2017

Vår ref.: 2017/4802 - 28785/201

Ark.kode: 016

Innkalling til møte i partssamansett utval – Nye Øygarden kommune

Tysdag 21.11.17 kl. 09:00 – 11:00, Skjenet 2

- Sak 1/17 Godkjenning av innkalling og saksliste
- Sak 2/17 Referatsaker:
- Utkast til referat frå drøftingsmøte 13.11.17 – sjå vedlegg
- Sak 3/17 Partsforhold og førebels arbeidsgruppestruktur
- Sak 4/17 Arbeidet med omstillingsavtale
- Sak 5/17 Møteplan for partssamansett utval 2018
Møteplanen skal vedtakast i fellesnemnda 20.11.17. Følgjande datoar er lagt fram for fellesnemnda
- Onsdag 10. januar
 - Tysdag 17. april
 - Tysdag 12. juni
 - Tysdag 9. oktober
 - Tysdag 11. desember
- Alle møta vert haldne på Skjenet 2 mellom kl. 09:00 – 11:00

Med helsing

Kari-Anne Landro
Leiar fellesnemnda

UTKAST REFERAT FRÅ DRØFTINGSMØTE MÅNDAG 14.11.2017

Til stades frå prosjektorganisasjonen:

Paul J. Manger, prosjektleiar
Lisbeth Grosvold, personalsjef Fjell kommune
Kaja C. Pedersen, personalsjef Sund kommune

Til stades frå organisasjonane:

Kristoffer Barhaug, NITO (Fjell)
Hanne Opsal, Norges Juristforbund (Fjell)
Bodil Aleksandersen, Fagforbundet (Fjell)
Rikard Kvaal, DELTA (Fjell)
Elisabeth Andreassen, Norsk Psykologforening (Fjell)
Lars Sverre Haugsnes, Akademikerne (Fjell)
Marius Hope, FO (Sund)
Trygve Toft Eriksen, NITO (Øygarden)
Solveig Rong, Fagforbundet (Øygarden)
Bente Ormevik, Fagforbundet (Fjell)
Vibecke Hodnekvam, Utdanningsforbundet (Øygarden)
Kristine Berdal, Utdanningsforbundet (Fjell)
Nina Zandstra, Utdanningsforbundet (Fjell)
Cathrine Olsen, Utdanningsforbundet (Sund)
Solveig Lerøy, Utdanningsforbundet (Sund)
Hildegunn Høyland, Fagforbundet (Sund)
Birthe Westgaard, Norsk Sykepleierforbund (Sund)
May Britt Hansen, Delta (Sund)
Anne Grethe Andersen, Delta (Øygarden)
Reidun M. Nordrok, FO (Øygarden)
Jana Wietschorke, Norsk Sykepleierforbund (Fjell)
Åshild Gavlen, Norsk Jordmor forening, (Fjell)
Marie Lindeberg, Norsk Jordmor forening (Øygarden)
Lillian Hjørnevåg, Norsk Psykologforening (Fjell)

Prosjektleiar synte til innkalling og grunnlaget for drøftingsmøtet som var Hovudavtalens del B § 1-4-1 om omorganisering.

Prosjektleiar fortalde kort om det skriftlege forslaget som var sendt ut i forkant og knytte særleg kommentar til ønsket om å organisere partsforholdet i prosjektet etter hovudsamanslutningsmodellen. Prosjektleiar er opptatt av at alle kommunane skal vere representert.

Det er semje mellom partane om å organisere partsforholdet etter hovudsamanslutningsmodellen. Dei fire samanslutningane er: LO Kommune, YS Kommune, Unio og Akademikarane kommune.

Det er semje mellom partane for prosjektleiar sitt forslag om samansetjing av arbeidsgruppa som skal arbeide med omstillingsavtale. Gruppa vil omfatte dei tre personalsjefane frå Fjell, Sund og Øygarden, fire representantar frå hovudsamanslutningane og eit hovudvernombud. Det vil vere opp til dei einskilde samanslutningane og hovudvernombuda kven som vart meldt inn som deltakarar. Samanslutningane gir prosjektleiar melding om dette etter ei intern avklaring.

For dei andre arbeidsgruppene gav organisasjonane sin tilslutning til forslaget frå prosjektleiar. Gruppene vil bestå av tre representantar frå arbeidsgjevar og tre frå hovudsamanslutningane.

Fleire organisasjonar framheva at det er viktig med rett fagkompetanse og representasjon frå alle dei tre kommunane i arbeidsgruppene.

Det vart stilt spørsmål ved om det er mogleg å komme med innspel til kva arbeidsgrupper ein bør ha. Prosjektleiar bekrefta at alle htv'ane er velkomen til det, men det må skje før 15. desember av omsyn til saksførebuing til partssamansett utval(PSU) 10. januar.

Det vart stilt spørsmål ved om ein skal ha ein eigen omstillingsgruppe. Dette er ikkje endeleg avklart, men det er ei problemstilling som ein arbeidar med i prosjektorganisasjonen. Viktig å skilje mellom gruppa som skal jobbe med omstillingsavtale og ei eventuell omstillingsgruppe (som vil ha eit anna mandat.

Ein htv peika på ansvaret som ligg til htv'ane i denne prosessen og at kvar og ein må tenke over kven ein representerer.

Prosjektleiar ønska innspel på om hovudsamanslutningsmodellen også kunne nyttast ved framtidige informasjons- og drøftingsmøte. Frå organisasjonane vart det spelt inn at dei ønskjer at alle htv'ar vert invitert til informasjonsmøta, men dei slutta seg til å nytte hovudsamanslutningsmodellen for framtidige drøftingsmøte.

Referatet til møtet vert ein del av sakspapira til PSU den 21. november. PSU fattar vedtak i saka.

Kaja C. Pedersen
Ref.

SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato

Partssamansett utval i Nye Øygarden kommune - Partsforhold og førebels arbeidsgruppestruktur

Samandrag av saka:

Prosjektleder foreslår bruk av hovudsamanslutningsmodellen som modell, der LO kommune, YS kommune, Unio og Akademikerne kommune vert fire pilarar for partsarbeidet i prosjektorganisasjonen for Fjell, Sund og Øygarden.

Prosjektleder sitt forslag er at kvar arbeidsgruppe har 3 representantar frå arbeidsgjevar og 3 representantar frå hovudsamanslutningane. Det vert oppnemnt arbeidsgrupper innan personalområde, innan dei ulike tenesteområde og ein ser føre seg noen tverrfaglege arbeidsgrupper, til dømes i arkiv/ikt/personal.

Den fyrste gruppa som vert etablert er gruppa som skal jobbe med omstillingsavtalen. Prosjektleder har valt å foreslå ein litt annan samansetning av denne gruppa. Sjå eigen sak om organisering av arbeidsgruppe for omstillingsavtalen.

Innstilling:

1. Partsamansett utval (PSU) vedtek bruk av hovudsamanslutningsmodellen som mal for partsforhold i arbeidet med å etablere Nye Øygarden kommune.
2. Partsamansett utval (PSU) vedtek framlagt forslag til struktur for arbeidsgrupper som skal oppnemnast.

Straume, den 15.11.2017

Paul J. Manger
Prosjektleder

Dokument vedlagt saka:

Ingen.

Saksopplysningar:

Prosjektleiari foreslår bruk av hovudsamanslutningsmodellen som modell, der LO kommune, YS kommune, Unio og Akademikerne kommune vert fire pilarar for partsarbeidet i prosjektorganisasjonen for Fjell, Sund og Øygarden. Prosjektorganisasjonen treng ei brei forankring hos tilsette i alle dei tre kommunane. Prosjektleiari meiner at den beste måten å ivareta alle tilsette er å la arbeidstakarorganisasjonane gjennom deira samanslutningar representera alle tilsette i arbeidsgruppene. Gjennom ein hovudsamanslutningsmodell gjer ein bruk av kompetanse på tvers i organisasjonane på ein god og hensiktsmessig måte.

Prosjektleiari sitt forslag er at kvar arbeidsgruppe har 3 representantar frå arbeidsgjevar og 3 representantar frå hovudsamanslutningane. Det vert oppnemnt arbeidsgrupper innan personalområdet, innan dei ulike tenesteområda og ein ser føre seg nokre tverrfaglege arbeidsgrupper, til dømes i arkiv/ikt/personal. Talet på aktive arbeidsgrupper vil kunne variere, mellom anna av omsyn til tilgjengelege ressursar og tema dei einskilte gruppene skal jobbe med.

Den fyrste gruppa som vert etablert er gruppa som skal arbeide med omstillingsavtalen. Sidan det er fyrste gruppe som vert sett i gong, og arbeidet med en omstillingsavtale er særleg viktig for det vidare arbeidet, har prosjektleiari valt å foreslå ein litt anna samansetning av denne gruppa. Forslaget er at gruppa består av dei tre personalsjefane, fire representantar frå hovudsamanslutningane og eitt hovudverneombod.

Ved etablering av arbeidsgrupper er det mange omsyn å ta. Ein har forsøkt å lande på eit forslag som balanserar omsynet til kva ressursar ein har tilgjengelig, dei økonomiske rammene for prosjektet og ynskje om god og brei medverknad. Vidare har ein tenkt at det er viktig å sikre framdrift i gruppene og at gruppene må vere effektive og ikkje for store. Tidsfaktoren spelar og inn; det er mange oppgåver som skal løysast, og dette vil leggje eit visst press på gruppene kva gjeld framdrift og leveranse. Ein har og sett på erfaringar frå etableringa av nye Sandefjord kommune. I Deloitte sin erfaringsrapport står det skrive: «Representasjon av tillitsvalde etter hovedsammenslutningsmodellen kan være et godt grep for å sikre at ulike organisasjonar sine interesser blir representert og ivaretatt». Også KS anbefalar ei slik organisering.

Ein meir detaljert plan for arbeidsgruppene vert lagt fram i PSU 10. januar, og ein vonar at dei fyrste gruppene kan starte arbeidet i januar.

For dei tillitsvalde som vert vald ut til å delta i dei ulike gruppene, ser ein føre seg kompensasjon for medgått tid, altså faktisk deltaking i gruppene. Vidare tenker ein seg ein dag til førebuing før kvart møte i arbeidsgruppa. Av praktiske omsyn, men og med tanke på effektivitet, legg ein opp til heildagsmøte for arbeidsgruppene. Det vil vere den einskilte kommune som fakturerer prosjektet for desse utgiftene.

Prosjektlear ønskjer å legge hovudsamanslutningsmodellen til grunn også for drøftingsmøta som vert planlagt i prosjektperioden.

Vurdering:

Prosjektleiar vurderer bruk av hovudsamanslutningsmodellen som ein hensiktsmessig og eigna organisering av partsforholdet i prosjektet. Tilsvarande vurdering ligg til grunn for arbeidsgruppestrukturen.



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato

Arbeidet med omstillingsavtale

Samandrag av saka:

Hovudsamanslutningsmodellen ligg til grunn for prosjektleiar sitt forslag om samansetjing av arbeidsgruppa som skal arbeide med omstillingsavtale. Arbeidsgruppa omfattar dei tre personalsjefane, fire representantar frå hovudsamanslutningane og éitt hovudverneombod (HVO).

Arbeidsgruppa skal oppnemnst av Partsamansett Utval (PSU) i møte 21. november. Prosjektleiar legg opp til tre arbeidsgruppemøte, anbefaling i PSU i februar 2018 og vidare til vedtak i fellesnemnda.

Innstilling:

Følgjande medlemmer vert oppnemnt i arbeidsgruppe som skal arbeide med omstillingsavtale:

Arbeidsgjevar:

Hovudsamanslutningane:

Hovudverneombod:

Straume, den 15.11.2017

Paul J. Manger
Prosjektleiar

Dokument vedlagt saka:

Ingen.

Saksopplysningar:

Ei kommunesamanslåing er omfatta av arbeidsmiljølova sine reglar om verksemdsoverdraging som inneber at dei tillitsvalde skal inkludrast i heile kommunesamanslåingsprosessen. Omstillingsavtalen mellom partane er eit viktig strategisk dokument som byggjer på fullmakter frå fellesnemnda, og regulerer arbeidsgjevarpolitiske spørsmål og utfordringar i samanslåingsprosessen, fram til nytt kommunestyre er konstituert i den nye kommunen. Ansvar for oppfølging av omstillingsavtalen ligg normalt hjå partsamansett utval (PSU).

Viktige tema som bør inngå i omstillingsavtalen, er til dømes medverknad og medråderett for tilsette, korleis og når tilsette skal informerast, identifisering av tilsette som er særleg berørt av kommunesamanslåinga, prinsipp for førerrett og innplassering i stillingar i den nye kommunen.

Arbeidet skal bygge på vedtatt intensjonsavtale.

Hovudsamanslutningsmodellen ligg til grunn for prosjektleiar sitt forslag om samansetjing av arbeidsgruppa som skal arbeide med omstillingsavtale. Arbeidsgruppa omfattar dei tre personalsjefane, fire representantar frå hovudsamanslutningane og eit hovudverneombod (HVO).

Arbeidsgjevarrepresentantar:

- Per Helge Martinsen, Øygarden kommune
- Lisbeth Grosvold, Fjell kommune
- Kaja C. Pedersen, Sund kommune

Frist for organisasjonane og vernetenesta til å melde inn namn på deltakarar er sett til 20.11.2017.

Arbeidsgruppa skal utarbeide framlegg til omstillingsavtale i kommunesamanslåingsprosessen som skal leggjast frem for partsamansett Utval (PSU) til uttale og vedtak i fellesnemnda. Prosjektleiar har oppmoda personalsjefane til å laga ei skisse for arbeidet med omstillingsavtalen til første arbeidsgruppemøtet.

Arbeidsgruppa skal oppnemnast av PSU i møte 21. november i PSU. Prosjektleiar legg opp til tre arbeidsgruppemøte, anbefaling i PSU i februar 2018 og vidare til vedtak i fellesnemnda.

Vurdering:

Prosjektleiar vurderer forslaget til organisering av arbeidet med omstillingsavtalen som veileigna og hensiktsmessig.